

Behovsvurdering rehabilitering Nordhordlandshallen - fotballhallen

Anleggsnummer: 60903, eigar Lindås kommune

Prosjektet står på andreplass i handlingsprogrammet i Lindås kommune sin kommunedelplan for Idrett, Aktivitet og Friluftsliv. Midlar til å gjennomføra prosjektet er vedteke i kommunen sin økonomiplan for året 2017.


Nordhordlandshallen (2002) er plassert i Nordhordland sitt regionsenter Knarvik. Anlegget består av fotballhall med sprintbaner, hoppegrop og eit smalt løpedekke rundt kunstgraset, fleirbrukshall, trimsal og tilhørande garderobe, kantine mm.

Fotballdelen av anlegget har svært høg bruksfrekvens. På dagtid gjennom leigekontrakt med Knarvik vgs (1000 elevar) og kommunen sin eigen ungdomsskule (400 elevar). Nordhordland Ballklubb er det største idrettslaget og ein av dei største fotballklubbane i kretsen. Anlegget er og nytta av barneidretten i AKS 77 friidrett, samt barnefotball idrettslaga Knarvik, Alvidra, Eikanger og Seim.

Kveldsaktiviteten går frå 16.00-22.00. Her er det fullbooka på kvardagar i tida 1/11-30/4. Det er også fleire lag som trenar inne heile året, pga manglande kapasitet på uteanlegg. I tillegg treningar og cupar mm på helg. Friidrettsdelen har fast trening for barn innandørs ein gong i veka i vintersesongen. Denne delen er elles mykje brukt av skulane og dels som oppvarmingsområde. Løpebana vert og brukt til å forlenga treningar for fotball, då det pga kapasitet berre er mogleg å gje kvart lag 1 klokke i hallen. Hallen er også ein viktig avlastning for uteanlegga i sommarsesongen, då ein unngår avlysning av treningar ved flytting av kampar ol.

Det bur langt over 10 000 menneske innanfor 5 minuttars kjøring. I åra framover er det planlagt utbygging for fleire tusen nye innbyggjarar i gangavstand frå hallen. Ledige timar på helg er i tillegg nytt av lag frå nordre del av Bergen der det og er mangel på kapasitet. Fotballhallen kan såleis seiast å tena eit område med svært mange innbyggjarar.

Lindås kommune har bruktbart med kapasitet på kunstgras samla sett. Men i praksis er det trengsel i Knarvik og ledig kapasitet i dei mindre bygdene. At fotballhallen er funksjonell, er såleis heilt avgjerande for kapasiteten for fotballen i Knarvik-området.



Atle Vaage

Fagleiar idrett og grønt Lindås kommune